



INNHALD

Ordføraren	2
Personallytt.....	3
Kommunestyre- og fylkestingval.....	4
Sommaraktivitet for ungdom	7
Kyrkjeval	8
Parken i Dale	9
Å leve med rus - og komme over det	10
Nytt frå biblioteket	14
Kilippe, klippe	16
Dalsfjordveka	18
Turist i eigen kommune	19
Skatekurs	20

Kommunestyre- og fylkestingsval i år



Du kan førehandsrøyste frå 1. juli dersom du ikkje kan røyste innanfor den ordinære perioden for førehandsrøysting (10. august til 9. september) og heller ikkje på valdagen. Avtal tid med kommunen for å røyste. Du kan førehandsrøyste i kva for kommune som helst i landet.

På valdagane 11. (berre Dingemoen krins i Dale) og 12. september (alle valkrinsane i Fjaler) må du røyste i den kommunen du er registrert busett/ mantsført i pr. 30. juni. Hugs legitimasjon når du skal røyste!

Les meir om valet på side 4



Sommar og ungdom

Yngvild Skaar Sætenes (biletet) har hatt jobben som ungdomskoordinator sidan 1. juni. I tillegg til å formidle arbeid til ungdom og etterlyse arbeidsoppgåver til dei, vert det i år lagt opp til sommaraktivitetar for ungdom. Paintball, turar, kunstverkstad, fotokurs, omvisarkurs – eller har du ein sommargründer i Magen?

- Eg skulle ønskje det var fleire jobbar til ungdom, for vi har meir ungdom enn jobbar, seier Yngvild på Ungjobb til Brua og skryt:
- Det er så mange flotte og flinke ungdommar som har lyst å jobbe i ferien. Dei har vore så imøtekomande med utlevering av brosjyra vi har laga, - Den får folk i Dale i postkassen og det er nytt av året.

Les meir side 7

ORDFØRAREN HAR ORDET



Ordførar
ARVE HELLE

Tlf. 57 73 80 52
Mobil 917 37 562

Epost:
arve.helle@fjaler.kommune.no

ORDFØRAREN
er å treffe i skranken
på sørviskontoret første
onsdag kvar mnd.
kl. 09.00-11.30

Gode fjalerbuar!

I denne utgåva av Brua er naturlegvis kommune- og fylkestingsvalet eit sentralt tema. Valdagen er måndag 12. september, men du kan førehandsrøyste i perioden 10. august–9. september. Du vil finne informasjon i denne utgåva av Brua om korleis du går fram enten du røystar på valdagen eller du førehandsrøystar.

Eg vil i alle fall så sterkt eg kan oppfordre alle fjalerbuar til å nytte røysteretten. Skal vi ha eit godt fungerande lokaldemokrati er ein av føresetnadane at folk uttrykkjer si meining når det er val.

I 2007 var oppmøtet 66,4 %. Det var ein auke på 4,3 % frå 2003. Lat oss i fellesskap bidra til at vi får ein pen auke

i deltakinga denne gongen også.

Frå kommunen si side prøver vi å legge til rette for å auke valdeltakinga. Også denne gongen er vallokalet i Dale ope søndagen før valdagen. Vi brukar både Brua og andre kanalar aktivt til å informere folk om valet. I tillegg prøver vi å nå ut med informasjon til ungdommen. Undersøkingar viser at så lite som 1/3 av førstegangsvæljarane i landet nytta røysteretten ved siste val, og det må vi få gjort noko med.

Så difor må oppfordringa mi til alle røystefore i Fjaler bli: Ikkje bli ein del av «heimseitjarpartiet», men nytt røysteretten din!

Arve Helle

I serien gamle russekort...

Alle har vi vore yngre ein gang!



Brua-redaksjonen ynskjer alle ein god sommar!

ANSVARLEG REDAKTØR:

Rådgjevar Marit Hammer, tlf. 57 73 80 56. E-post: marit.hammer@fjaler.kommune.no

REDAKSJON:

Ingeborg Tysnes, tlf. 57 73 80 44. E-post: ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no

Kårhild Hustveit, tlf. 57 73 80 08. E-post: kaarhild.hustveit@fjaler.kommune.no

Margrete Reisæter, tlf. 57 73 80 20. E-post: frivilligsentralen@fjaler.kommune.no

Redaksjon avslutta 15.06.2011.

Utgåver 2011: April - juli - september - desember. Opplag: 1300

Informasjonsbladet BRUA er gratis og vert fulldistribuert til alle husstandar i Fjaler og til utflytte fjalerbuar etter nærare avtale.

Ta kontakt med sørviskontoret, tlf. 57 73 80 00.



Rådmannsstaben. F.v. Annikken Myklebust, Ingvard Flekke, Ola Hovland og Marit Hammer.

PERSONALNYTT



Kjell Rune Smelvær



Armine Amaryan

Skule og barnehage

- Solveig Standnes - 80% undervisningsstilling Dingemoen skule skuleåret 2011/12.
- Armine Amaryan - 100% undervisningsstilling Dingemoen skule og Fjaler ungdomsskule skuleåret 2011/12.
- Kjell Rune Smelvær - 100% undervisningsstilling ved Våge skule skuleåret 2011/12
- Therese Kleppe - 80-100% undervisningsstilling ved Våge skule skuleåret 2011/12
- Hege Standnes - 100% stilling som pedagogisk leiar i Yksnebjør barnehage barnehageåret 2011/12
- Linda Turøy - 80% vikariat i Yksnebjør barnehage
- Anne Åsnes Haugen - 100% mellombels stilling i Yksnebjør barnehage.
- Mona Wilmann Bergset - 80% fast stilling som barne- og omsorgsarbeidar ved Dingemoen skule
- Vibeke Mandelid - 100% stilling på Guddal skule skuleåret 2011/12
- Guro Osland Ness - 100% stilling ved Dingemoen skule
- Anne Tove Sande - 80% stilling ved Dingemoen skule skuleåret 2011/12
- Anne Kari Iversen - 100% stilling ved Fjaler ungdomsskule



Turid Vågane

HAFS barnevern

- Marianne Kaland - 100% vikariat i Hafs barnevern
- Silje Myklebust - 80% engasjementsstilling i Hafs barnevern

Bistand og omsorg

- Mona Lind - 50% vikariat som helse-søster

Sørviskontoret

- Turid Vågane - 100% stilling som økonomikonsulent ved Sørviskontoret.

FJALER KOMMUNE



Sørviskontoret hjelper deg.

Fjaler kommune
Postboks 54,
6961 Dale i Sunnfjord
Tlf. 57 73 80 00
Faks 57 73 80 01

Besøksadresse: Sørviskontoret,
Fjalerhuset i Dale

E-post:
post@fjaler.kommune.no

Nettside:
www.fjaler.kommune.no

Teknisk vakt kveld og helg:
951 83 515

NAV Fjaler:
tlf. 57 01 58 00
kl. 09.00 – 15.00 / heile året

Arbeidstid i Fjalerhuset/
på Helsetunet:
I tida 15. sept. til 14. mai: kl.
08.00 – 15.45
I tida 15. mai til 14. sept.: kl.
08.00 – 15.00

LEGEKONTOR:
tlf. 57 73 81 80

PÅ SØRVISKONTORET/
ved biblioteket vil du finne kopi
av sakspapir og møteprotokoll
frå formannskapet og
kommunestyret.
Kommunale planar og
offentlege høyringsutkast
finn du også her.

Informasjon om kommunestyre- og fylkestingsvalet

Røysterett og manntal Du må ha røysterett og stå innført i manntalet for å kunne røyste.

Legitimasjon Vallova seier at ein veljar som er ukjend for røystemottakar skal legitimere seg. Ta derfor med legitimasjon når du skal røyste, det er ikkje nok å oppgje namn og fødselsdato.

Valkort Alle veljarar får tilsendt valkort frå sin kommune. På valkortet finn du informasjon om opningstid og kva for vallokale du skal bruke på valdagen. Du treng ikkje valkortet for å røyste, men det går raskare for deg å røyste dersom du tek det med. Ta kontakt med kommunen dersom du har spørsmål om valkortet.

KOR KAN DU RØYSTE?

Førehandsrøysting Du kan røyste frå 1. juli dersom du ikkje kan røyste innanfor den ordinære perioden for førehandsrøysting, og heller ikkje på valdagen. Du må då kontakte kommunen og avtale tid for å røyste. Den ordinære perioden for førehandsrøysting startar 10. august og varer til og med 9. september. Du kan førehandsrøyste i kva for kommune som helst i landet. Hugs å ta med legitimasjon!

Valdagen I Fjaler er det todagarsval, du kan røyste i Dingemoen krins søndag 11. september. 12. september er vallokala opne i alle valkrinsane. På valdagane 11. og 12. september må du røyste i den kommunen du er registrert busett/manntalsført i pr. 30. juni. På valdagen 12. september kan du røyste i ein annan røystekrins enn den du er manntalsført i. Hugs legitimasjon når du skal røyste!

Slik kan du endre på røystesetelen Røystesetelen avgjer kva for parti du røystar på. Viss du vil vere med å påverke kven av kandidatane som blir valde

inn for partiet, må du endre på setelen.

Ved kommunestyrevalet kan du:

- **Gje personrøyst til kandidatar på røystesetelen.** Set i så fall eit merke (kryss, hake eller liknande) i ruta ved namnet til dei kandidatane du vil røyste på. Du kan gje personrøyst til så mange av kandidatane du vil. Viss namnet til nokon av kandidatane står med **utheva skrift**, betyr det at partiet har prioritert dei framfor dei andre kandidatane. Du kan gje personrøyster til kandidatar med utheva skrift, på same måte som til dei andre kandidatane.

- **Gje personrøyst til kandidatar frå andre parti** (såkalla slengjar). Skriv i så fall kandidatnamna i eit eige felt på røystesetelen for ditt parti. Kor mange slengjarar du kan føre opp, avheng av tal representantar som skal veljast til kommunestyret, og vil gå fram av røystesetelen. I Fjaler kan du føre opp fem slengjarar. Ver merksam på at når du fører opp slengjarar, vil ein del av røysta di bli overført til det andre partiet. Verdien av røysta di for det partiet du røystar på, blir tilsvarande redusert.

Eksempel: Det skal veljast 23 representantar til kommunestyret. Du fører opp 5

VALLOKALA I FJALER VIL HA SLIKE OPNINGSTIDER:

SØNDAG 11. SEPTEMBER
Dingemoen krins: kl. 16.00 - 19.00

MÅNDAG 12. SEPTEMBER
Dingemoen krins: kl. 09.00 - 20.00
Flekke krins: kl. 12.00 - 18.00
Guddal krins: kl. 12.00 - 18.00
Bakkebø krins: kl. 12.00 - 18.00
Hellevik krins: kl. 12.00 - 18.00
Våge krins: kl. 12.00 - 18.00

slengjarar på røystesetelen din. Dette fører til at 5/23 av røysta di vert overført til det andre partiet. Det partiet du røystar på, får dermed berre 18/23 røyst.



VALLISTE 2011:
SOSIALISTISK
VENSTREPARTI

01 x Hjelle,
Erling Jostein

- 02 Skaar, Anita Nyland
- 03 Losnegård, Viljar Hansen
- 04 Bjergene, Ingrid Dorthea
- 05 Hamper, Christopher
- 06 Skaar, Myrtle Ingerid
- 07 Vassliås, Oddvar Johan
- 08 Kjøsnes, Jenny
- 09 Østby, Per
- 10 Østrem, Liv Astrid
- 11 Vårdal, Ingunn
- 12 Haaland, Hallvard Andreas
- 13 Skaar, Målfrid
- 14 Alisøy, Jørgen Alfred



VALLISTE 2011:
HØGRE

01 X Solheim, Marita,
6963 DALE

- 02 Skår, Leif Roald, 6964 KORSSUND
- 03 Aase, Odd Helge, 6963 DALE
- 04 Gallefoss, Sverre-Benjamin,
6966 GUDDAL
- 05 Thorsen, Bente Kari Liabø, 6963 DALE
- 06 Eimind, Kåre Ove, 6967 HELLEVIK
- 07 Antonisen, Eivind, 6963 DALE

- 08 Lindelid, Øyvind Olai, 6967 HELLEVIK
- 09 Solheim, Anny-Mari Holm, 6963 DALE
- 10 Sande, Johnny Bjarte, 6967 HELLEVIK
- 11 Øen, Frode, Bjerga, 6963 DALE
- 12 Harkestad, Annfrid Høyvik, 6963 DALE
- 13 Flekke, Helge, 6968 FLEKKE
- 14 Høyvik, Magnar, 6963 DALE
- 15 Skaar, Ole-Jørgen, 6967 HELLEVIK
- 16 Antonisen, Arve, 6963 DALE
- 17 Hopland, Anders Morris,
6967 HELLEVIK
- 18 Einen, Alf Torvald, 6967 HELLEVIK
- 19 Solheim, Frank Even, 6963 DALE



VALLISTE 2011: VENSTRE

- 01 X Kvangarsnes, Hagne S, 6968 FLEKKE
02 Mjellem, Marit, 6963 DALE
03 Erstad, Johanna V. V D, 6964 KORSSUND
04 Osland, Arne, UWC, 6968 FLEKKE

- 05 Eiken, Ingunn Johanne, 6963 DALE
06 Brattelid, Ståle, 6963 DALE
07 Stølen, Kristoffer Olai K, 6967 HELLEVIK
08 Igelkjøn, Frank, 6968 FLEKKE
09 Svorstøl, Laila, 6967 HELLEVIK
10 Solheim, Gudmund Helge, 6963 DALE
11 Overdevest, Anne, 6963 DALE
12 Åsnes, Yngve, 6969 STRAUMSNES
13 Samdal, Solbjørg, 6968 FLEKKE
14 Erstad, Ramn, 6964 KORSSUND
15 Sandsund, Liv, 6963 DALE
16 Haugsbakk, Johnny Ivar, 6968 FLEKKE
17 Solheim, Elfrid Helen, 6963 DALE
18 Eiken, Ørjar, 6967 HELLEVIK
19 Solheim, Evy, 6963 DALE
20 Pedersen, Jonny, 6968 FLEKKE
21 Norddal, Harald, 6963 DALE
22 Wilson, Lesley Selina, Kleivane, 6968 FLEKKE
23 Sylta, Jostein, 6963 DALE
24 Vårdal, Ivar, 6963 DALE
25 Koning, Leonarda Anna A C, 6968 FLEKKE
26 Christiansen, Martin M, 6963 DALE
27 Follevåg, Ragnhild Berger, 6968 FLEKKE
28 Sætenes-Høivik, Terje, 6963 DALE
29 Namtvedt, Åsta Laila, 6967 HELLEVIK



VALLISTE 2011: KRISTELEG FOLKEPARTI

- 01 X Stav, Hans, 6963 DALE
02 Moltumyr, Stig R Nerem, 6963 DALE
03 Taylor, Joy Elizabeth, 6963 DALE
04 Kleppe, Geir Magne, 6963 DALE

- 05 Stølen, Frank Jarle, 6967 HELLEVIK
06 Stav, Ragnhild, 6963 DALE
07 Halsnes, Terje Roald, 6963 DALE
08 Kleppe, Sigrid D Vårdal, 6967 HELLEVIK
09 Nistad, Leiv Arne, 6963 DALE
10 Strand, Ruth Henny, 6963 DALE
11 Furset, Olai Kjell, 6967 HELLEVIK
12 Kleppe, Else Beate Lied, 6963 DALE
13 Haugsbakk, Kjell, 6963 DALE
14 Stav, Åsa Øvrebo, 6963 DALE
15 Adu-Badu, Helen Barbara, UWC, 6968 FLEKKE
16 Nes, Olav, 6963 DALE
17 Barsnes, Eldbjørg Johanne, 6967 HELLEVIK
18 Sæle, Kari Hovland, 6968 FLEKKE

VALLISTE 2011:
DET NORSKE ARBEIDERPARTI

- 01 X Helle, Arve, 6963 DALE
02 X Traa, Sigrid Anette, 6964 KORSSUND

- 03 Yndestad, Nina Beate, 6968 FLEKKE
04 Standnes, Roald, 6963 DALE
05 Ness, Svein Arne, 6963 DALE
06 Tessem, Geir Magne, 6963 DALE
07 Vesterås, Katrine, 6967 HELLEVIK
08 Yndestad, Arild, 6968 FLEKKE
09 Fristad, Kjetil, 6967 HELLEVIK
10 Vagstad, Sissel M, 6968 FLEKKE
11 Leirpoll, Kjartan, 6963 DALE
12 Loneland, Tore, 6968 FLEKKE
13 Lone, Therese, 6967 HELLEVIK
14 Løvik, Magnus Harald, 6963 DALE
15 Stenseth, Svein-Martin H, 6963 DALE
16 Vagstad, Jostein, 6968 FLEKKE
17 Myklebust, Kjellrun Anna, Steia, 6963 DALE
18 Espedal, Leif Jarle, 6968 FLEKKE
19 Hellebust, Bjørg Jorunn, 6968 FLEKKE
20 Bøge, Arthur, 6968 FLEKKE
21 Standnes, Solveig K Menes, 6963 DALE
22 Vik, Harald, 6966 GUDDAL

VALLISTE 2011:
SENERPARTIET

- 01 X Felde, Kjetil Høgseth, 6963 DALE

- 02 X Brattelid, Hege Vossseteig, 6963 DALE
03 Åsnes, Kjartan, 6969 STRAUMSNES
04 Ravnøy, Ida, 6964 KORSSUND
05 Norddal, Magne, 6963 DALE
06 Solheim, Ove Jaar, 6968 FLEKKE
07 Ulltang, Manica, 6963 DALE
08 Holstad, Stein Inge, 6964 KORSSUND
09 Vik, Frank, Longehagen, 6963 DALE
10 Selvåg, Henrik Johannessen, 6963 DALE
11 Ness, Cato, 6968 FLEKKE
12 Åsnes, Evelyn, 6969 STRAUMSNES
13 Furenes, Egil, 6967 HELLEVIK
14 Sagevik, Jens Norvald, 6963 DALE
15 Igelkjøn, Hilde Ylvisåker, 6968 FLEKKE
16 Fretland, Hugo, 6963 DALE
17 Ødemark, Lilly, 6966 GUDDAL
18 Furset, Roald Einar, 6967 HELLEVIK
19 Selvåg, Ivar, 6963 DALE
20 Åsnes, Oddvar, 6969 STRAUMSNES
21 Holstad, Svein Åge Tresnes, 6964 KORSSUND



Overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule

Enno er ikkje Bendik og Silje starta på vidaregåande opplæring, men når sommaren er over og hausten startar, er det ikkje lenger ungdomsskulen på Våge og i Dale som er staden for dei. Les her kva dei har bestemt seg for og kva dei tenkjer om det.



Silje-Marie, snart vidaregåande elev.

Er vant med lang busstur

Silje-Marie Svartefoss, 16 år. Bur på Guddal i lag med mor og far, 3 brør – tvillingar på 12 år og ein på 19 år

Med mor som kokk, far som gardbrukar og oppvaksen på Svartefoss på Guddal, aktiv i 4H og spelar fotball - kva vel ein då som vidaregåande opplæring?

Kva har du søkt på til hausten?

- Eg vil gå studiespesialisering på Dale vidaregåande skule. Det har eg valt sjølv, men har snakka med mamma og pappa om det. Eg hadde friheit til å velje det eg ville.

Kvifor valde du Dale?

- Eg kan framleis bu heime, det er enklast, men eg har ikkje noko imot å bu på hybel heller. Her er venene mine, så eg har ikkje lyst til å flytte. Og buss er eg vant med å ta.

Men kvifor denne retninga?

- Eg veit ikkje heilt kva eg skal bli og når ein vel studiespesialisering, har ein fleire moglegeheiter til å velje seinare.

Kva er dei andre søknadsvala dine?

- Det andre var idrettsfag på Sandane og det tredje restaurant- og matfag i Førde.

Kva vil du halde på med av fritidsaktivitetar?

- Eg er leiar av 4H-klubben på Guddal og eg spelar fotball i Dale. Det kan eg gjere rett etter skulen. Eg tek bussen etterpå til Nautsundet og så kjem mamma og hentar meg der. Vi har også ein ballbinge på Guddal.

Kva tenkjer du om den nye skuledagen til hausten?

- Eg både gler og gruar meg. Det vert spennande å treffe mange nye folk. Eg må nok jobbe meir sjølstendig, for det er sikkert meir skulearbeid, men slik er det jo. I haust var vi tre dagar på vidaregåande og prøvde ulike fag.

Bygg og biljard

Bendik Holt, fyller 16 år i september

Bur på Lone på Hellevik med familien med mor, far og 3 yngre søsken - 2 brør og 1 syster

For ein som har kort gangveg til jobb i Dale, vert vegane utover til Våge noko anna. Men å vere elev på skulebuss kvar dag på svingete og smal (og noko rett!) veg må ein finne seg i når ein bur der ein bur. Til no har Bendik følgd buss frå Hellevik til Våge, men til hausten skal han snu nasa og ta bussen inn til Dale og den vidaregåande skulen der. Han har søkt bygg- og anleggsteknikk som førsteval og kan difor framleis bu heime. Då vert det to år på skulen og to år med opplæring.

Var det vanskeleg å velje?

- Det var kanskje litt vanskeleg i starten, men etterkvart vart det lettare. Eg likar å bygge og eg er litt lei dei vanlege skulefaga. Sjølv om eg har diskutert det med mamma og pappa, var det mitt eige val. Eg er heller ikkje klar til å flytte på hybel enno.

Kva har du som andre- og tredjeval?

- Som nr to har eg sett opp teknikk- og industriproduksjon (TIPP) og som trear studiespesialisering.



Ferdig med eksamen på Våge skule! Framme f.v.: Bendik og Halfdan. Bak f.v.: Kristina, Embla, Lovise og Solbjørg.



Korleis trur du det vert å starte på Dale vgs?

- Eg er litt spent, men eg gler meg mest.

Kva med fritidsaktivitetar, vert det annleis til hausten?

- Eg har vore med – mest for moro – på biljard på Sørbøvåg. Til hausten vil eg starte der på trening med pappa og kanskje begge brørne mine. Til vanleg er eg med vener og brukar kanskje litt for mykje tid på data. Eg bur på gard, men vi har ikkje dyr. Men eg hjelper til med ved og med å gruse vegen.

Kva er planane for sommaren?

- Sommarferien vert nok mykje lik som før. Eg har spurt to plassar om jobb, men har ikkje fått noko enno.

Har du tenkt på kva du ønskjer å arbeide med i framtida?

- Eg trur eg vil verte snekkar og bygge hus. Om eg vert her i Fjaler, veit eg ikkje. Eg likar Bergen godt.

BRUA sin utsende medarbeidar møtte Bendik rett etter at munnleg eksamen i RLE (religion, livsyn og etikk) var unnagjort for dei seks elevane i 10. klasse på Våge skule. Dei fekk eit framifrå resultat i snitt på 5,5! Deretter bar det på skuletur til Oslo!

Ungjobb 2011

Er du mellom 15 og 19 år og treng ein sommarjobb? Eller treng du hjelp til t.d. hagearbeid, måling, lagerarbeid eller vasking?

Ungjobb kan hjelpe både den som søker og kan tilby jobb!

Minimum 95,- per time. Arbeids-gjevar betalar direkte til arbeidstakar.



Kontakt Ungjobbkoordinator Yngvild Skaar Sætènes, 20. juni–15. juli 2011. 3. et. på Fjalerhuset tlf: 99 23 74 92. Kulturkontoret: 57 73 80 44. E-post: ungjobbfjaler@gmail.com

Sommaraktivitetar for ungdom

Info og påmelding (om ikkje anna er opplyst): Ungjobb på Fjalerhuset.

• Kunstverkstad i veke 27

Lag vevskulpturar av gjenbruksmateriale. Instruktør biletkunstnar Karina Siegmund. Kurset går over 2 ettermiddagar, à 3,5 time. Pris 100,-. Alder 13-16 år.

www.karinasiegmund.com

• Fotokurs i veke 28

Med profesjonell instruktør. Kurset går over 2 ettermiddagar, à 3,5 time og vert avslutta med ei utstilling i gamle skulehuset under Dalsfjordveka. Pris 200,-. Alder 15–20 år.

• Tur til Grøneholten kvar onsdag frå 22. juni og ut juli

Oppmøte ved Vesle Daniel i Dale kl 12.00 Alle kan vere med!

• Paintball på Lammetun i veke 26

Pris 150,- per person inkludert transport. Maks 18 personar. Alder frå 16 år.

• Har du lyst å verte sommargründer?

Du kan t.d. starte eigen ungdomskafé i Badet i Dale og få hjelp til finansiering. Du kan lage egne postkort, kurs eller liknande. Kom med gode idèar! Kontakt Ungjobb eller Frivilligsentralen i Dale senter, tlf 57 73 80 20 frivilligsentralen@fjaler.kommune.no



På trappa til Bestefarsstaua ca 1910 - Jakob Sande sin fødestad.

• Lær å vere lokalguide

Sommarkurs i omvising. Vi tek utgangspunkt i Jakob Sande, dei gamle husa på Tusenårsstaden og lokalhistoria i Dale. Kontakt Jakob Sande-selskapet tlf 99 54 87 67. E-post: selskap@jakobsande.no

• Sandvolleyballskule i august.

For meir informasjon og påmelding, kontakt Yngvild på Ungjobb.



Gå eller spring på Grøneholten! Foto: Tor E. Furevikstrand.

Kyrkjeval

Val til Fjaler sokneråd og val til Bjørgvin bispedømeråd (Kyrkjemøtet)



Krossen i Korssund. Foto Oddmund R Haugen.

Kyrkjevalet vert denne gongen også samstundes med offentlege val – no samstundes med kommune- og fylkestingsvalet 11. og 12. sept. (I 2009 samstundes med stortingsvalet). Det er eitt av premissa for den pågåande demokrati reforma i Den norske kyrkja. Valperioden no er fire år.

I Fjaler blir kyrkjevalet i dei same bygningane som kommune- og fylkestingsvalet, men i eigne rom slik som ved valet for to år sidan. Vi vil ha dei same opningstidene som kommunen.

Du kan førehandsrøyste på kyrkjekontoret frå 10. august til 9. september, måndag–fredag kl 10.00–14.00. Det blir òg høve til å førehandsrøyste på Fjaler sjukeheim torsdag 8. september kl 16.00–17.00.

I Fjaler har vi, etter soknesamaslåinga 1.1.2006, berre eitt sokneråd – Fjaler sokneråd. Fjaler sokneråd har ansvar for både «katedral og børs» – heile den kyrkjelege verksemda i Fjaler. Soknerådet har 8 faste medlemmer og 5 varamedlemmer. Valkomiteen har sett opp ei valliste, der du kan påverke kven du vil skal sitje som faste medlemmer i rådet, og rekkjefølgja på varamedlemene.

VALLISTA TIL FJALER SOKNERÅD 2011–2015

1. Terje Roald Halsnes, 6963 Dale, 51 år
 2. Sølvi Ann Solheim Løkkebø, 6963 Dale, 44 år
 3. Kåre Ove Eimind, 6967 Helleвик, 54 år
 4. Torunn Åsnes, 6966 Guddal, 33 år
 5. Asbjørn Igelkjøn, 6968 Flekke, 63 år
 6. Trude Gjeitanger Høgset Felde, 6963 Dale, 40 år
 7. Kjetil Fristad, 6967 Helleвик, 37 år
 8. Geir Magne Kleppe, 6963 Dale, 41 år
 9. Aud Marit Hovlandsdal, 6968 Flekke, 50 år
 10. Rune Dale, 6963 Dale, 56 år
 11. Evelyn Åsnes, 6969 Straumsnes, 38 år
 12. Sissel Thuland Haugsbø, 6963 Dale, 46 år
 13. Janne Lammetun Lindelid, 6967 Helleвик, 29 år
 14. Finn Harry Arstein, 6969 Straumsnes, 53 år
 15. Dagrun Ylvisåker Igelkjøn, 6968 Flekke, 56 år
 16. Aase Karin Haugland Sylta, 6963 Dale, 66 år
- Meir informasjon i kyrkjebladet som kjem ut i byrjinga av august, og på heimesidene: www.fjaler.kyrkja.no og www.kyrkjevalet.no

Strategisk næringsplan for Fjaler 2012–2016

- invitasjon til å komme med innspel

Fjaler Næringsutvikling har no starta arbeidet med ny strategisk næringsplan for perioden 2012-2016. Strategisk næringsplan er eit viktig verktøy for politikarane i Fjaler og skal vere styrande for utforminga av næringspolitikken i kommunen dei kommande åra. Dette dokumentet er ein sentral referanse i saker som vedkjem næringssspørsmål i kommunen, og vil være med å bidra til å plassere ansvaret for tilrettelegging og fornying, som er naudsynt for ei positiv utvikling i kommunen.

Strategisk næringsplan for Fjaler skal vere basert på tank-

ane til folk og næringsliv i kommunen. Det grunnleggjande premiss i dette arbeidet, er at det er bebuarane og næringslivet i Fjaler som best kjenner utfordringane næringslivet står overfor. Å få innspel frå fleire hald på korleis vi bør møte desse utfordringane er såleis heilt avgjerande når vi skal forsøke å skisere viktige og retningsgjevande punkt i det næringspolitiske arbeidet i kommunen framover. Vi ynskjer innspel frå verksemdar, organisasjonar, politikarar og grendalag i kommunen, og vonar flest mogleg vil vere med på dette arbeidet.


Innspel kan sendast til post@fnu.no eller : Fjaler Næringsutvikling, 6963 DALE I SUNNFJORD innan 1. september.



Parken i Dale

Planane for vidare arbeid med parken i Dale vart presentert på ope møte på Transplant 5. mai. I etterkant vart dei også presenterte i avisa Firda. Det kom nokre innspel på møtet og det har også kome nokre skriftlege innspel. Dette tar vi med oss i det vidare arbeidet.

Vi ynskjer også å presentere skissene her. Om du har meiningar eller innspel, ta kontakt med kultursjef Ingeborg Opdøl Tysnes, tlf. 57 73 80 44 eller epost iot@fjaler.kommune.no (ferie frå 4. juli–29. juli)



KLIPPE, KLIPPE

PLANPROGRAM FOR REVISJON AV FLEIRBRUKSPLANEN FOR FLEKKE- OG GUDDALSVASSDRAGET

Formannskapet har vedteke planprogram for revisjon av planen. Du kan lese meir om saka og planprogrammet på kommunen sine heimesider – sak 35/11 i formannskapet.

TENNISBANE PÅ GBNR 70/2

Det er gjeve løyve til omdisponering av inntil 600 m² til utbyggingsføremål. Vedtaket er gjort etter jordlova.

ARNE MILDE,

Korssund, har fått løyve til frådelling av inntil 1 daa impediment til fritidsføremål på gbnr 238/2 Holstad. Kjøpar er Reidun Ingebø, Bønes. Vedtaket er gjort etter jordlova.

INGER HELEN STENEVIK

har, på visse vilkår, fått løyve til opprusting av 120 m gardsveg på gbnr 124/1 Grøvlen. Løyvet fell bort dersom ikkje arbeidet er ferdig innan 30.05.2014. Vedtaket er gjort av leiar for LAF-kontoret. Han har også rådd til at Stenevik får eit tilskot på kr 9 450 til tiltaket.

BESTANDPLAN 2011–2013 – ØVRE GUDDAL STORVALD

Landbrukssjefen har godkjent bestand- og avskytingsplan for valdet. Valdet har fått tildelt 600 dyr i planperioden. Fellingsresultat: Min 20 % kalv, min 40 % ungdyr, maks 20 % kolle og maks 20 % bukk. Kjønnfordeling på ungdyr på tilnærma 50 % mellom hann/ho.

REGULERINGSPLAN

– BUSTADUTVIKLING I VÅGE KRINS

I samsvar med plan- og bygningslova §12-8 er det opna for detaljregulering av delområde 2 – Holstad. Det må gjennomførast oppstartsmøte i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 og det må lagast eit planprogram i samsvar med plan- og bygningslova §4-1. Det vert ikkje opna for detaljregulering av delområde 1 – Skårvikshaugane/Strokneset og delområde 3 – Korssundet (nordaust).

JANA MEY

har fått dispensasjon frå plan- og bygningslova for gesimshøgde totalt 3,0 m inkludert grunnmur, for oppføring av fritidshus på gbnr 278/22 i hyttefelt i Folkestad.

Å leve med rus – og komme over det

Då Leif Skår (62) reiste frå legen med ein nakkeskade, fekk han ein brødpose full av tablettar. Nakkeskaden vart kurert, men tablettane vart verande. I elleve år misbrukte han pillar og alkohol. Sonen måtte ta over jobben i bedrifta. For den høgt akta bedriftseigaren vart livet bytta ut med rus.

- Eg vart kolossalt uroleg viss eg ikkje hadde den tabletten, viss eg ikkje hadde rikeleg med tablettar, då var det eit problem.

Skjønnte du at du var ein rusmisbrukar?

- Kva eg skjønnte då, ja, det veit eg ikkje. Men det er klart eg ser det no i ettertid. I ulike livssituasjonar og uansett kva ein ute for - det ingen unnskyldning at ein skal ty til rus. Det løyser aldri nokon problem.

Leif er skjemd for kva han gjorde den tida han var rusavhengig. Når behovet for alkohol eller pillar gjekk framfor familie, barn og barnebarn og kva dette gjorde med dei. Det er episodar han helst vil gløyme og det er episodar han ikkje hugsar.

Kva sa familien til deg når du var oppi dette?

- Kva skulle dei sei? Det var ikkje så mykje hjelp i å sei noko som helst til



meg. Det vart meir og meir avstand til familie, til ungene mine, barnebarn og svigerdøtre.

- Den dagen kona mi var 55 år var det mykje besøk heime. Ikkje var eg klar over kva som skjedde, ikkje hugsar eg det, men alle gjestane såg det. Eg vart så skjemd og skamfull og eg sa til meg sjølv at dette skal ikkje skje igjen.

- Som bedriftseigar og med mange oppgåver og så har ein så mykje skavankar at ein ikkje kan skjette jobben sin og så bli uføretrygda. Begeret kan verte for fullt!

Noko var vekt i Leif. Lengta etter rusen var sterkare enn skamma, men det var noko i han som ønskte rusen langt vekk likevel. Han ville ha livet sitt tilbake.

- Eg følte eg var for god til dette, eg måtte komme meg ut av det. Eg var for god til å øydeleggje heile familielivet på denne måten, eg ville ha livet tilbake.

Heldigvis at eg kom på desse tan-

kane... at eg måtte komme ut av det.

- Eg hadde eit opphald på Valdres-klinikken, men opplegget med å sitje og prate, kva ein hadde opplevd, det var ikkje noko for meg. Eg trur ingen psykolog i verda kunne fått meg til å tenkje annleis.

- Så las eg i ei avis om eit tilbod i Russland som skulle vere så utruleg bra. Og eg tenkte og sa til dei heime: koste kva det koste vil, eg vil prøve dette. Så eg sette meg på flyet til Russland. Der vart eg henta på flyplassen og det bar rett på sjukehuset der fem legar omringa meg raskt og tok blodprøvar og slikt. Og etter ein time kom første intravenøsen. Eg var der i fem dagar, skulle eigentleg vere der i sju, men så vart det noko rot med flybilletten kontra visum. Så behandlinga måtte vere hardare enn normalt, sidan dei berre hadde fem dagar på seg. Sjølv tykte eg det var gale, men legane sa dei hadde vore borti det som var mykje verre. 35 l intravenøst fekk eg i alt der borte. Blodet vart rensa to gonger for



dagen med laser. Femte dagen vart blodet rensa med filter og kva som låg i posen på golvet då, var fæl farge på kan du tru. Så fekk eg operert inn implantat i ryggen som gjer til at eg vert dårleg av å drikke alkohol. Då eg kom heim, var eg eit nytt menneske. Eg var ikkje til å kjenne att.

Var det så enkelt?

- Eg kan ikkje forklare skikkeleg det som skjedde i Russland, men eg hadde stor tru på det eg hadde høyrte før eg reiste. Ja, det er heilt utruleg. Då eg sat på flyet heim - eg følte meg så opplagt. All ureinskap låg att der borte. Hjernen vart totalt reinska for drit og slag.

Så du har vore vekke frå rusen sidan då?

- Ja, eg har vore så lenge i frå det og eg har bevist for alle andre at eg har snudd. Ja, livet er som eit liv skal vere no. Kvar dag er ei glede. Heilt flott! Eg har fått respekten att hos alle.

Korleis er kvardagen din i dag?

- I dag arbeider eg som frivillig, eg er leiar for Rusettervernet i Sogn og Fjordane. Den består av 24 grupper og fyller 40 år i år. Alle gruppeleiarane gjer ein fantastisk innsats! Rusettervernet har tilsett ein sekretær i 80% og er plassert i Førde under Helse-Vest. Eg er også leiar av organisasjonen «Redningsvesten» som er for heile HAFS-regionen. Kommunen støttar

oss med tilskot til drifta.

Tida mi går til å reise rundt på heimebesøk, til samtalar i telefonen og til møte på Rusposten på Tronvik som Helse-Førde driv. Dei som tek kontakt, er folk som ønskjer å ikkje ruse seg lenger. Nokre dagar er ikkje telefonen stille i det heile, andre dagar kan det vere rolegare. Vi ser kor viktig det er å vere i eit fellesskap og gå i gruppe. Dette vonar eg fleire vil sjå meininga og gleda av - å bry seg!

Denne artikkelen er laga i samarbeid med Leif og med bakgrunn i eit NRK-innslag i 2009 med reporter Eli Eikenæs Vengen.

«Saman er vi mindre åleine»

Nina Yndestad er tilsett i prosjektet som ruskonsulent sidan april. Dette er ei 100% koordinatorstilling som Hyllestad og Fjaler kommune har felles. Ho er tilsett ut 2011, men det blir truleg forlenga ut 2012.

Kommunane har fått midlar til å styrke rusfeltet. I prosjektperioden skal ruskonsulenten arbeide med å koordinere dei ulike tilboda og tenestene vi har i kommunane. Her vil ein og sjå på samhandling med nabokommunar og spesialisthelsetenesta. Målet er å få ei meir heilskapleg rusomsorg til brukarar og deira pårørande. Det blir viktig å samarbeide med frivillige organisasjonar som Rusettervernet.

I tillegg til å sjå på tenestetilbodet skal det gjerast ei meir grundig kartlegging av russytuasjonen i kommunane. Dette vil og kunne danne grunnlag for kva tilbod vi skal ha i framtida. Førebygging i barne- og ungdomsgruppa er eit anna viktig område som ruskonsulenten skal sette fokus på. Det gjeld både generelt førebyggjande tiltak og førebygging relatert til rusmiddel.

Ruskonsulenten vil samarbeide med mange aktørar og tenester i begge kommunane. Det vert og naturleg å samar-



Nina ønskjer samarbeid på tvers med ulike aktørar og tenester.

beide med ruskonsulenten i Askvoll, Ann Linn Ekland. Innan prosjektet er ferdig, ynskjer vi å ha fått ein auka kompetanse på rusfeltet hos dei som jobbar med rusproblematikk i Fjaler. Ruskonsulenten vil og arbeide med rusmiddelpolitisk handlingsplan som skal rullerast til hausten.

Nina har fast kontordag i Fjaler kvar måndag i 2.etasje på Fjalerhuset. Elles er ho å finne på kommunehuset i Hyllestad.

RUSETTERVERNET

RUSETTERVERNET I
SOGN OG FJORDANE
Fylkessekretær tlf. 948 34 493
Styreleiar tlf. 415 07 533
epost: post@rusettervernet.no
heimeside:
www.rusettervernet.no

Redningsvesten etterverngruppe
i HAFS-kommunane for tidlegare
rusmisbrukarar
Kontakt Leif Roald Skår
Tlf. 975 89 795
Epost roa-skaa@online.no

Redningsplanen
pårørandegruppe
Kontakt Dagfrid Mågerud
tlf. 906 92 667

Kulturmidler 2011 - Hovudtildeling

Formannskapet har løyvt kr 187 000 i tilskot til allment kulturarbeid og kr 16 000 til fritidstilbod til funksjonshemma. Midlane er fordelt slik:

Søkjjar	Søkn. sum	Forslag tildeling i kroner			Tildeling %	Tildelt samla
		Allmenne kulturmilar	Leiar og instruktør	Fritidstiltak funksjonshemma		
<i>Idrettslag</i>						
Dale idrettslag	70 000	20 000	10 000	3 000	47 %	33 000
Hellevik idrettslag	10 000	4 000			40 %	4 000
Svint idrettslag	14 000	7 000	3 000		71 %	10 000
Stroka skyttarlag	10 000	2 000			20 %	2 000
Fjaler motorsportklubb	55 000	5 000	10 000		27 %	15 000
<i>Teater-/danse-/ungdomslag</i>						
Dale ungdomslag	20 000	10 000			50 %	10 000
Flekk ungdomslag	15 000	7 000			47 %	7 000
Guddal ungdomslag	10 000	5 000			50 %	5 000
Straumsnes ungdomslag	10 000	5 000			50 %	5 000
Framhug ungdomslag	5 000	3 000			60 %	3 000
Danseverkstaden	40 000	5 000	5 000		25 %	10 000
Musikkverkstaden	25 000	5 000			20 %	5 000
<i>Song- og musikklag</i>						
Dale barnekor	3 500	2 000			57 %	2 000
Guddal familiekor	12 500	2 000			16 %	2 000
Dalsfjorden spelemannslag	9 000	4 000	2 000		67 %	6 000
Dale musikkorps	20 000	10 000			50 %	10 000
Doremi barnekor	5 000	2 000			40 %	2 000
Cantus kyrkjeor	5 000	2 000			40 %	2 000
Fure og Våge songlag	10 000	1 000	1 000		20 %	2 000
Flekk og Straums. Musikkorps	15 000	5 000			33 %	5 000
<i>Andre lag og organisasjonar</i>						
Jakob Sande-selskapet	14 000	5 000			36 %	5 000
Dale Bygdekvinnelag	5 000	1 000		3 000	80 %	4 000
Nordalen skisenter	8 000		2 000		25 %	2 000
Dalsfjorden/ Ytre Sogn Fjordhestlag	5 000	2 000			40 %	2 000
Fjaler Helselag	10 000	3 000			30 %	3 000
Holeholten 4H	4 900	1 000	2 000		61 %	3 000
Fjaler Revmatikarlag	30 000	1 000	2 000	7 000	33 %	10 000
Fjaler Røde Kors Hjelpekorps	22 000		5 000		23 %	5 000
Laurdagsklubben i Dale	4 000	2 000			50 %	2 000
Korssund Dykkerklubb	10 000	4 000			40 %	4 000
Våge kvinne- og familielag	5 000	4 000			80 %	4 000
Fjaler jeger og sportsfiskarlag	5 000	1 000	2 000		60 %	3 000
Flekk grendelag	40 000	5 000			13 %	5 000
Fjaler hundeklubb	30 000		5 000		17 %	5 000
A-F-H lokallag av NFU	3 000			3 000	100 %	3 000
Sofork Symfoniorkester	10 000	3 000			30 %	3 000
Mårenbiennalen	30 000	0			0 %	0
Studio Soft - Karina Siegmund	25 000	0			0 %	0
sum	624 900	138 000	49 000	16 000	31 %	203 000

Telemegafonen i Dale

Dei to svenskane Erik Sandelin og Magnus Thorstensson i Unsvorn Industries er kunstnarane som står bak Telemegafonen som står rett under Jyttelshogen i Dale. 2010 var eit hardt år for lydinstallasjonen; lynet slo ned og vinteren sette sine spor. Megafonen vart stum og det var ikkje hjelp i å ringe den.

Erik og Magnus var tilbake til Dale i mai og målet var ei gjenopning på sjølvaste 17. mai. Det vart sendt ut oppmoding til bere-dugnad på facebook. Ein flokk berarar frakta to 40 kilos blybatteri, ei vindmølle, solcellepanel og alt det du kan få bruk for opp på fjellet.

Svein Ove Løseth var med som teknisk ansvarleg og Kjetil Fristad som elektrikar og dei klatra i masta. Dei monterte ny vindgenerator, og splitter nytt solcellepanel – for sikkerheits skuld. Elektronikken i Telemegafonen hadde overlevd vinteren og starta opp heilt fint.

Nye forsterkarar vart også montert – for ein skulle vere



sikre på at dette skulle høyrast godt på 17. mai. Mest sannsynleg har dette ført til at høgtalarane vart sprengde. Vi ventar no difor på at desse skal skiftast. Så vi satsar på at når denne Brua kjem i postkassa så kan du igjen ringe.

Telemegafonen tlf. 90 36 93 89

Vandreteater på kulturminnedagen 11. september

Årets tema: «Skjulte skattar – spor i landskapet»



Mot Fredensborg. Foto Rekrea



Fredensborgparken. Foto Rekrea

Gjennom profilprosjektet Filosofigangen har ein fått restaurert ein stie som knytte området mellom Tysse og Leitet saman. Truleg var det Nils Landmark som fekk bygd denne vegen og vi har bilete av svenske rallarar som bygde ei stor steinbru i gjelet mellom desse områda. Den brua ser vi framleis restar av. Namnet Filosofigangen har vi funne bakpå ein akvarell etter Laura Lillingston.

Fleire og fleire nyttar gps og pulsklokke når dei skal på tur. Noko av motivasjonen for turen vert kor fort, kor langt og i kva høgde turen har gått. På denne turen oppfordrar vi folk til å legge igjen gps og pulsklokke heime! Filosofigangen er ein rundtur frå Lillingstonheimen via Marie Landmark-internatet på Leitet og om parken på Fredensborg. Vi vonar turen skal gje rom for undring og nysgjerrigheit og der naturen og kulturhistoria står i sentrum.


Offisiell opning med vandreteater

For å formidla historia i området har Rolf Losnegård skrive eit vandreteater som skal visast den 11. september. Stykket vil bygge på faktastoffet som finst om livet til Lillingston og Landmark og livet i bygda Tysse mellom 1880 og 1920. Kvifor kom dei hit? Kvifor vart dei buande her? Vandreteateret vert iscenesett av Idun Losnegård og Jeff Pedersen i samarbeid med lokale krefter.



Spor av gamal bru.

Ferietid er lesetid!



For mange av oss er ferien den tida vi les mest. Resten av året gjer vi masse lekser og arbeider dagen lang, og får kanskje ikkje tid til å lese. Då er det ekstra herleg med litt fri og kunne flykte inn i ei anna verd, eller ei histo-

rie om noko du ikkje har opplevd før. Eller kanskje du likar å lese om hest, traktorar eller dinosaurar. Alt er lov i sommar, for i år som i fjor har vi sommarlesekampanje i Fjaler folkebibliotek. I år heiter kampanjen Sommarles,

og for å delta må du vere mellom 6 og 13 år, og lese minst 5 bøker før 31. august. Bøkene du les må du skrive opp i eit spesiallaga lesepass. Om du ikkje allereie har fått lesepass, kan du får eit på hovudbiblioteket i Dale. Og akkurat som i fjor vert det sommarlesefest i september for dei som har deltatt, med overraskingsbesøk, diplomutdeling og trekking av premiar. Hovudpremien er ein iPod. Så denne sommaren lønnar det seg å lese! Hugs å ta turen innom biblioteket i Dale i sommar, vi har mange spennande bøker du kan lese. Og vi har ope heile sommaren lang!

Trio frå tidsskrifthylla

Jasimar

Fotballmagasin for den fotballfrelste. Målet med tidsskriftet er å gå under overflata og presentere fotballens historie og kultur, og samtidig fokusere på sportens profilar og forteljingar. Blant skribentane finn vi ikkje profilerte namn frå sportsjournalistikken. Redaksjonen meiner at for å skrive godt om fotball, kan ein ikkje vere nøytral, og legg korta på bordet: «*Vi er fans. Og vi mener den entusiasmen, sorgen og raseriet som følger supporterens liv, ikke må undertrykkes eller skjules når skribenter skriver om fotball. Tvert i mot. Vi tror disse følelsene er essensielle for å forstå hva som gjør de gode fotballhistoriene gode, og for å kunne formidle den virkningen fotballspillet har på menneskene vi skriver om.*»

Eno

Nytt norsk musikkmagasin som starta opp i fjor. Tidsskriftet tar for seg dagens musikk, både nasjonalt og internasjonalt. Her finn du alt frå djupneintervju og innblikk i store og små musikkmiljø til musikkhistorie og ana-


lysar. På tidsskriftets nettside står det at Eno ønskjer «å vekke til live entusiasmen ved det å skrive og det å lese om musikk.» Dette er altså bladet for den genuint musikkinteresserte uansett sjanger.

Biblioteket

Trass i tittelen handlar ikkje tidsskriftet Biblioteket så mykje om bibliotek i seg sjølv, men heller om litteraturen du finn på biblioteket, og då hovudsakleg skjønnlitteraturen. Tidsskriftet har alle som likar å lese som målgruppe og skriv om alt frå krim og serielitteratur til dei store klassikarane og nyare litteratur. Biblioteket vil gi lesaren underhaldning, kunnskap og inspirasjon til vidare lesing: «Gjennom Bibliotekets varierte innhold stiller vi også de store spørsmålene: Hva er egentlig

god litteratur? Og hvorfor er den god?»

Desse tre tidsskrifta og fleire med finn du på hovudbiblioteket. Dei er absolutt til utlån!



Siste tur med bokbussen i Fjaler

Sola skein frå skyfri himmel då bokbussen la ut på siste tur 9. mai. På ein så fin vårdag trengde verken eg eller bussjåføren å bekymre oss over telehiv i veggen og påfølgjande bokras frå hyllene i bussen. Eg må innrømme at stemninga var litt vemodig, men og litt spent, i det vi la ut frå Dale.

For på denne turen hadde eg tatt med meg barnebokforfattar og illustratør Åshild Kanstad Johnsen (biletet), for at dei minste elevane og barnehagebarna skulle få ei litt spesiell oppleving. Åshild debuterte med biletboka Kubbe lager museum i 2010. Der fortel ho om Kubbe som likar å gå turar og samlar på det han finn. Kubbe er slik namnet tilseier, ein liten kubbe. Og han bur i skogen. Saman med kompisen Gran og litt hjelp frå bestemor som bur i byen, lagar han museum av alt han har samla på. Det vert eit kjempefint museum, men etter nokre dagar tykkjer han det er litt kjedeleg å måtte stå i dokø i sitt eige hus. Så då bestemmer han seg for å stenge museet, og legge tilbake tinga der han fann dei.

Denne historia viser korleis ein kan samle på kva som helst. Åshild sjølv kjem frå ein familie som samlar på det meste. Skuffer og skåp er fulle. Elevar og førskulebarn i Flekke og på Våge fekk ta del i å lage samlingar av ting dei kunne finne i klasserommet, og iveren var vanskeleg å overgå. I Flekke samla ungane inn ting som var firkanta, registrerte dei i eit skjema der kvar ting fekk sitt nummer. Variasjonen var stor; frå ein melkekartong og kalkulator til ei firkanta bossbøtte. På Våge fekk ungane i oppgåve å samle inn ting som var oransje. I klasserommet kunne ein finne uante mengder oransje ting. Cd-spelaren var oransje, litt attglyymt påskepynt var oransje, ei oransje-stripete t-skjorte fanst der og til og med ei gulrot som ikkje var blitt oppeten under lunsjen. Barnehagen på Hellevik (biletet) fekk



lov til å rote i nokre kassar med ting. Åshild hadde samla på; alt frå perlekjeder og nøkkelhol til briller og andre finurlegheiter ein ikkje trudde fanst og som vi ikkje skjønnte kva var.

Medan bokbussen køyrde mellom dei fire stoppane vi pleier å ha på turen, fekk vi sjå Fjaler frå si finaste side. Åshild, som er oppvaksen i Bergen, naut den flotte naturen med fjord og fjell. Og glad var eg for at det var mange som ville låne bøker om alt muleg, slik som vanleg, sjølv om sommarferien nærma seg og det var vår siste tur med bussen. Mange elevar og lærarar tok farvel med eit kjært tilbod, og forfattaren Åshild tykte ho hadde hatt ein fantastisk tur i Fjaler. Ho sa ho gjerne ville komme tilbake ein tur. Og kven veit? Ho jobbar for tida med ei ny bok om Kubbe. Kanskje ho kjem tilbake for å fortelje om kva han finn på denne gongen?



FJALER FOLKEBIBLIOTEK - OPNINGSTIDER OG KONTAKT

Hovudbiblioteket i Dale, Fjalerhuset
Tlf. 57 73 80 17
Biblioteksjef Mette Rysjedal

Opningstider:
Tysdag og fredag kl 10.00 – 15.30
Torsdag kl 13.00 – 19.00

Straumsnes filial i grendahuset
v/ Hjørdis Åsnes
Tlf. 57 73 51 13
Onsdag kl 15.00 – 18.00

Guddal filial i grendahuset
v/ Lilly Ødemark
Tlf. 57 73 88 40
Onsdag 13.00 – 16.00

Søk på: asp.bibits.no/fjaler-fb

OPNINGSTIDER:
Filialane på Guddal og Straumsnes
har sommarstengt:
Guddal filial: 22. juni–10. august
Straumsnes: 15. juni–17. august

SOMMARVIKAREN
I juli skal Dorthea Rennestraum
Alisøy vere sommarvikar i biblio-
teket. Ho studerer for tida historie i
Bergen og gleder seg til sommar-
jobben heime i Fjaler.

KLIPPE, KLIPPE....

Om du ønskjer å lese meir om dei ulike sakene, finn du dei på kommunen sine heimesider www.fjaler.kommune.no: Lokalstyre - Møtekalender og saks-papir - ved å velje formannskapet eller kommunestyret frå møtekalenderen.

ALLAN JØRGENSEN,

Hordvik, har fått konsesjon på overtaking av gbnr 136/2 Nautsund og gbnr 106/1 Lindelid for ein kjøpesum på 3,4 millionar. Seljar er Trond Nøt-sund, Flekke. Allan Jørgensen er på-lagd 5 års buplikt frå 01.07.2011 og driveplikt i samsvar med krava i jord-lova. Vedtaket er gjort av landbruks-sjefen med heimel i Konsesjonslova.

ØYRA BUOMRÅDET - NY OMSORGSBUSTAD

Det er gitt løyve til oppføring av ny bustadeining som tilbygg til Øyra buområde, gbnr 63/240. Ansvarsrettar er tildelte Byggmeister Bjarte Myklebust, Jarstad Rør AS og Kåre Haaland AS, slik det er søkt om 10.02.2011. Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningslova.

LEIDULF BJØRVIK,

Dale, har fått løyve til bruk av snøskuter for å halde tilsyn med inntaksdam til småkraftverk på gbnr 81/1. Løyvet gjeld til 01.03.2013 og må takast med under transport. Vedtaket er gjort av landbrukssjefen.

PRODUKSJONSTILSKOT I LANDBRUKET

Leiar for landbruksforvaltninga har godkjent 128 søknader om produksjonstilskot i jordbruket og refusjon av utgifter til avløyning for ferie og fritid i 2010 pr. 01.01.2011.

JARLE MAGNAR MILDE,

Hellevik, har fått godkjent plan for nydyrking av 18 daa myr/grunnlendt areal på gbnr 235/1. Som vilkår er sett at lokale forminne / kulturminne ikkje må rørast og at tiltaket skal vere sett i gang seinast 3 år etter at løyvet vart gjeve. Vedtaket er godkjent av leiar i Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler med heimel i Forskrift om nydyrking.

JARLE SKAAR LANGELAND,

Guddal, har fått godkjent plan for nydyrking av 24 daa myr/fastmark på gbnr 125/1. Som vilkår er sett at lokale forminne/kulturminne ikkje må rørast og at tiltaket skal vere sett i gang seinast 3 år etter at løyvet vart gjeve. Vedtaket er godkjent av leiar i Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler med heimel i Forskrift om nydyrking.

HILDE ÅSNEES,

Flekkje, har fått løyve til frådelling av tomt til fritidsføremål. Kjøpar er Agnar Åsnes, Førde. Området skal nyttast som tilleggsareal til hyttetomt på gbnr 35/7. Det er sett krav om at tomtene skal samanføyast til ei tomt etter at delinga er gjennomført. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova og jordlova.

UTVIDING AV SUNDET I KORSSUND

Det er gjeve dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen i samsvar med plan- og bygningslova. Det skal takast omsyn til omgjevnadane og viktige kulturminne i området ved at arbeidet vert utført på ein mest mogleg skånsam måte. Grunngevinga er at tiltaket vert vurdert som positivt for vidareutvikling av området som gjestehamn. Før tiltaket kan iverksetjast må det søkjast om løyve inklusiv søknad om ansvarsrett.

DALE KRO OG MOTELL A5

har fått skjenkeløyve frå 01.04.2011 til 30.06.2012. Løyvet gjeld skjenking av øl, sterkøl og vin kl 13.00-02.00 og skjenking av brennevin frå kl 18.00-01.00. Løyvet gjeld og utservering på eige område til 13.00-02.00. Kinga Gyøri er styrar for løyvet. Vedtaket er gjort av formannskapet mot to røyster.

FJALER HJORTEUTVAL

har fått kr 93.876 frå viltfondet til kjøp av viltkamera, prosjektor og til fagkurs i samband med utarbeiding av nye bestandplanar. Vedtaket er gjort av landbrukssjefen.

MERKEPROSJEKTET FOR HJORT I SUNNFJORD OG YTRE SOGN

har fått kr 17 118 frå viltfondet. Vedtaket er gjort av landbrukssjefen.

LØYVE TIL BYGGING AV VEG,

MELLOMBELS DEPONERING AV MASSAR

og fylling av massar i sjøen på gbnr 58/1 og 2. Avkøyrsla frå Fv 57 må vere opparbeidd og godkjent av Statens vegvesen før arbeidet vert sett i gong. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova.

VEDGARD MORTENSBAKKE OG MÅLFRID HAUGE

har fått godkjent plan for nydyrking av om lag 15 daa produktiv skogsmark på gbnr 75/3. Som vilkår er sett at lokale forminne / kulturminne ikkje må rørast og at tiltaket skal vere sett i gang seinast 3 år etter at løyvet vart gjeve. Vedtaket er godkjent av leiar i Landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler med heimel i Forskrift om nydyrking.

STEINAR SAGEVIK,

Naustdal, har fått løyve til bruk av snøskuter for frakt av funksjonshemma på strekninga frå kommunegrensa mellom Gaular og Fjaler i dalføret sør for Sagevik og hytta på gbnr. 52/4. Løyvet gjeld og frakt av ved i området ved hytta. Det er ein føresetnad at transporten skjer på kortast mogleg strekning og så skånsamt for terrenget som mogleg. Løyvet er gjeve av leiar for landbruksforvaltninga i Askvoll og Fjaler med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

KRISTOFFERBUENE PÅ GBNR 59/76

Det er gitt løyve til:

- Ombygging av Kristofferbua til 9 bustadeingar.
- Restaurering av lagerbygg til garasjar / boder

- Riving av gammalt lagerbygg
- Riving av saghuset
- Opprusting av uteområdet på kaia
- Etablering av flytebryggeanlegg

Vilkår for løyvet er at Fjaler kommune må ha motteke avfallsplan før arbeidet vert sett i gang og det må etablerast eit tilstrekkeleg tal parkeringsplassar på tiltakshavar sine eigedommar. Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningslova. Løyve til utlegging av flytebrygge er gjeve i samsvar med hamne- og farvasslova. Vilkåra er at flytebrygga må ha tilstrekkeleg og solid utføring og forankrast slik at konstruksjonen ikkje hindrar eller skadar anna sjøtrafikk, samt at avdrift vert hindra. Flytebrygga skal vere tilstrekkeleg belyst, og lyset skal innrettast på ein måte slik at det ikkje verkar blendande på dei sjøfarande.

DETALJREGULERING LAMMETUN GBNR 272/3 - OPPSTART AV PLANARBEID

Endring av reguleringsplan for Lammetun gbnr 273/3 og fellesområde gbnr 272/2 og 4. Det skal lagast eit planprogram i samsvar med plan- og bygningslova. Det vert ikkje opna for etablering av nye område til hytter i planen. Vedtaket er fatta av formannskapet i samsvar med plan- og bygningslova.

50-ÅRSMARKERINGA AV STATUEN OVER INGOLF ARNARSON I RIVEDAL

Formannskapet har løyvt kr 10 000 til 50-årsmarkeringa. Løyvinga er teken av tilleggslovingen.

SKIFTE AV GOLVBELEGG I BIBLIOTEKET

Formannskapet løyver kr 75 000 til nytt golvbelegg i biblioteket i tilknytning til skifte av interiør. Løyvinga vert henta frå unytta midlar frå sak 03/11 «Investeringsbudsjett 2011 - prioritering av tiltak på kommunale bygg og vegar».

KJØP AV GRUNN I KJØRLEVIKA

Kommunestyret har godkjent avtalen mellom grunneigar av gbnr 92/24 og Fjaler kommune om kjøp av grunn i

Kjørlevika. Finansieringsplan for kjøp av grunn og tilrettelegging av nærings-/industriområde vert og godkjent. Løyving på kroner 75000,- vert finansiert ved låneopptak

HANDLINGSPLAN MOT MOBING

Fjalerskolen sin handlingsplan mot mobbing og IKT-reglementet er vedtatt og gjort gjeldande frå skuleåret 2011/2012. Kommunestyret har bede administrasjonen utarbeide ein felles mal og tilhøyrande retningslinjer for bruk av loggbok.

VALSTYRE FOR KOMMUNESTYREVALET OG FYLKESTINGVALET 2011:

Arve Helle, leiar

Ainor Fristad Naustdal, nestleiar

Jan Ulltang

Mette Kvamme

Hans Stav

Vara:

1. Gudmund Solheim

2. Norodd Lammetun

Kommunestyret har delegert mynde til å oppnemne røystestyra til valstyret for kommunestyre- og fylkestingvalet 2011.

SØREBØ BRU

Fjaler kommune yter tilskot på kr 84 125,- i samsvar med kommunestyrevedtak 10/049, men dekkar ikkje ekstrautgifter i samband med prosjektet.

KYSTVEGEN FLORØ - ASKVOLL - DALE

Førdefjorden er i dag det einaste stykket av kystvegen der det heilt manglar samband. Fjaler kommune har løyvt kr 100 000 til utgreiing av ei «fase 1 løysing» for kryssing av Førdefjorden. Løyvinga vert finansiert frå disposisjonsfondet. Vedtaket er gjort av kommunestyret.

FINANSFORVALTNINGA I FJALER KOMMUNE

Kommunerevisjonen har kome med ein uttale i høve kvalitetsikring av rutinane i finansfreskrifta, og oppsummerer med at «Vi meiner det framlagte dokumentet i Fjaler kommune tilfredstillar kommunelova og

føreskriftene sine krav». Kommunestyret vedtok rutinane i Fjaler kommune slik dei ligg føre.

EVALUERING AV FELLES LANDBRUKSFORVALTNING MELLOM ASKVOLL OG FJALER KOMMUNE

Avtalen har styrt kommunane si felles landbruksforvaltning, og det har ikkje vore store utfordringar eller ueinigheit knytte til avtaleteksten. Kommunestyret har vedteke endringar med bakgrunn i endra føresetnader, som lover, praktiske tilpassingar eller at delar av teksten ikkje lenger er aktuell.

SAMHANDLINGSREFORMA

Fjaler kommune ynskjer å delta i følgjande felles samhandlingsprosjekt saman med dei andre kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde.

- Betre felles kunnskap og styringsinformasjon i helsetenestene
- Betre praksis for utskrivingsklare pasientar i somatisk spesialisthelseteneste - fase 2
- Telemedisin Sogn og Fjordane - fase 1 – mobilt videoutstyr
- Heilskapelege og koordinerte tenester i forventa pasientforløp for KOLS-pasientar og utvikling av arbeidsmetodikk for pasientforløp.
- Kompetanseutvikling gjennom gjensidig hospiteringsordning.

Fjaler kommune sluttar seg til og vil ta sin del av finansieringa som er skissert i saksutgreiinga og i søknadene til Helsedirektoratet. Løyving vert teken frå disposisjonsfondet.

FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT

Eigedomar som vert fritekne er Barthold Vonen, Fjorden Grendalag, Dale Ungdomslag, Vevang Produksjon AS, Ljosheim Forsamlingshus, Flekke Ungdomslag og Guddal Ungdomslag. Vedtaket er gjort av kommunestyret i samsvar med eigedomsskattelova §7, der ein kan fritta spesielle eigedomar heilt eller delvis for eigedomsskatt. Ein har valt å fritta bygg som vert drive på frivillig basis og som er tilgjengeleg for alle, samt bygningar som er freda av riksantikvaren.

DALSFJORDVEKA 5.–14. AUGUST

«Kulturopplevingar i landskapet»



Foto: David Zadig.



Foto: Valkyrien Allstars



Foto: Per Finne.



Foto: Monica Johansen.

Dalsfjordveka er eit samarbeid mellom kommunane Askvoll, Fjaler og Gaular. Gjennom dette samarbeidet ynskjer ein å løfte større kulturarrangement, skape ein felles identitet og vise fram breidda i kulturlivet i regionen. Fullstendig program kjem i posten i veke 29.

Smakebitar frå programmet i Fjaler:

- 5. august** **Kobbeskjerkvelden.** Båttur til Kobbeskjeret og konsert med Valkyrien Allstars på Haugland. Dans i Jakob Sande-løa, Dale
- 6. august** **Postvegriittet.** 46 kilometer terrengsykkelløp på Den Trondhjemske postvei www.postvegriittet.no
- 6. august** **Vegetar-kokekurs** med Solgunn Eikevik, Transplant **Groovy music/Karma karane**, Transplant
- 10. august** **Grøneholten Opp**
- 12. august** **Konsert** med Rannveig Djonne og Annlaug Børsheim i Jakob Sande-løa, Dale
- 13. august** **Torgdag og gatefest** i Dale
- 13. august** **Marknadsdag** på Guddal – grillmat, stand, bingo og dans
- 14. august** **Oratorios-konsert** med Rosana Tarziu, Dale kyrkje

Sjå www.dalsfjordveka.no for meir informasjon

Transport til andre kommunar under Dalsfjordveka



Sagedagen 2011 – Vilnes kyrkje

Torsdag 11. august kl. 17–19. Spennande soger er knytt til kyrkja og området ikring, med blant anna tre bautasteinar.

Båt frå Dale kl. 15.45 (turen tar ein time + ein spasertur på ca. 10 minutt). Førhandspåmelding til Jensbua 57 73 90 20
Pris kr 100,- t/r. Transporten er støtta av Den kulturelle spaserstokken

Dyrene i Hakkebakkeskogen, Kyrkjebakken i Askvoll

Fredag 12. og laurdag 13. august. Ein eventyrleg musikal på Askvoll sin magiske utearena.



Foto: Marianne Furevikstrand

Båt frå Dale kl. 19.30 begge dagar dersom nok påmelde (turen tar 40 minutt + ein spasertur på ca. 20 minutt). Førhandspåmelding til Jensbua 57 73 90 20. Pris kr 100,- for vaksne og kr 50,- for barn tur/retur.

Turist i eigen kommune?

I Fjaler er det mange som står på for å gje turistar ei best mogleg oppleving, noko som kan gje deg som fastbuande og dine gjestar opplevingar du ikkje visste om.

Turstiar: Gjennom prosjektet Kystarven (sjå eiga avis som kom i posten til alle) vert det gjort ein stor innsats for å rydde og merke turstiar i heile Fjaler. Nytt turkart for Fjaler og Hyllestad er på trappene. I Flekke er det fjelltur kvar onsdag kl 19.00 frå Joker Flekke. Nytt tilbod av året: Tur kvar torsdag kl 19.00 frå Vesle Daniel-statuen.

Jakob Sande-tunet har oppe hus med faste omvisningar kvar torsdag og sundag kl. 15–18 fram til 31. august. Kvar sundag til 14. august har «Lisa i Li» sommarkafe. Ta turen og sjå inn i den nye løa. Fleire arrangement i sommar og under Dalsfjordveka.

Fjordturen på Dalsfjorden går kvar dag i sommar fram til 31. august og er ein del av ein større «nutshell» - tur frå Bergen. Her kan du vere med på båttur frå Dale til Bygstad og attende.

Dalsfjordveka, 5.–14. august: Sjå programmet her i BRUA på s. 18 og på www.dalsfjordveka.no

Korssund Ferie og Fritid tilbyr havfisketurar.

Yndestad gard og Bjarne Huseklepp tilbyr aktivitetar med fiske og jakt.

Lammetun Ferie og Fritid tilbyr kajakkurs, paintball, sjøbutleige og turar i Lammetun kystfort.

For overnattingsstadar i Fjaler, sjå annonseavisa fjaler.no eller kontakt turistinformasjonen.

Matservering: Dale kro har oppe måndag til torsdag 11.00 - 23.00, fredag og laurdag 11.00 - 02.30. Allmuen har oppe måndag til fredag 09.00-17.30 laurdag 09.00-16 og sundag 12.00-16.00 og tinging/ levering. Transplant v/ tinging og arrangement. Matglede har oppe gardsmatutsal på Straumsnes fredag og laurdag 12.00-18.00 og levering. Yndestad gard v/ tinging, arrangement og levering.

Turistinformasjonen finn du i Dale senter og er open måndag – fredag kl. 09–16.30 og laurdag kl. 10.00–14.00 i tida 20. juni til 12. august. Tlf.: 57 73 90 20/977 84 618 E-post: stiftinga@jensbua.no Webside: www.fjordkysten.no



Laukelandsfossen. Foto: Monica Johansen.



Løa i Jakob Sande-tunet.



På tur i styggevær på Hålandsnipa

Returadresse: Fjaler kommune, pb 54, 6961 Dale i Sunnfjord



SKATEKURS

Fjaler kulturkontor arrangerer Ungjobb for tredje gong – og i år har vi fokusert på at ungdom sjølv kan skape aktivitetar som dei kan tene pengar på.

Fyrst ute var Jordan som laga til skatekurs for barn i Dale. Seks aktive gutar møtte opp og hadde to lærerike og aktive timar på den nye asfalten i Dale.

